



Turen tar oss gjennom fjell- og jordbruksdalføre i Vaksdal kommune og litt inn i Voss kommune.

The tour takes you through mountains and pastoral valleys in the municipality of Vaksdal with a brief visit in Voss.



Vaksdal kommune grensar til Modalen, Bergen, Voss, Kvam, Osterøy og Samnanger. Kommunen har ein variert og rik natur, med store fjellområde som endar opp inne i Stølsheimen og Bergsdalsfjella. Jordbruket er ein viktig næring, men Vaksdal er først og fremst industrikommune. Her starta utbygginga av fossefalla og industrireisinga på slutten av forrige hundreåret. 30% av krafta til BKK vert produsert i Vaksdal.

The municipality of **Vaksdal** has common borders with Modalen, Bergen, Voss, Kvam, Osterøy and Samnanger. The district has a varied landscape with mountains extending into Stølsheimen and Bergsdalen. Although agriculture is still important, Vaksdal is primarily an industrial community. Development of hydroelectric power and industry started towards the end of the nineteenth century.



Foto: Sveinung Klyve

Avstander/Distances:

Bergen-Trengereid:	32 km
Trengereid-Evanger:	47 «
Evanger-Nesheim:	21 «
Nesheim-Gullbrå:	8 «
Nesheim-Eidslandet:	33 «
Eidslandet-Straume-Dalseid:	20 «
Dalseid-Trengereid:	28 «

Reiserute

Frå Bergen følgjer vi E16 til rundkøyringa ved Trengereid/informasjons-senter.

Frå Trengereid vidare på E16 langs Veafjorden med utsikt mot Osterøy, den største innlandsøy i Nord-Europa.

Ein passerar tettstadene Vaksdal (1), Stanghelle (2) og kommunesentret Dale (3) på veg mot Bolstad (4) og Evanger (5) i Voss kommune.

På Evanger tar me til venstre over brua og inn på Rv313 langs enden av Bolstadfjorden og vidare oppover i Teigdalen.

Frå Nesheimfjellet går ferda bratt nedover, før du kjem til Nesheim i Eksingedalen. Ta gjerne avstikkaren opp til garden Gullbrå, for kjøp av geitost eller overnatting.

Den vesle bygda Eidslandet ligg i nederste del av Eksingedalen. Langs Eidsfjorden er den gamle vegen og dei smale tunnelane hogde for hand, eit teknisk kunstverk i seg sjølv.

Ta til høgre ved krysset i Dalseiddalen og følg E16 tilbake til Trengereid.

Route

Take E16 from Bergen to the roundabout by Trengereid information centre. From Trengereid you continue on E16 along Veafjorden. Across the fjord is Osterøy, the largest "inland island" in Northern Europe.

On the way you pass the villages of Vaksdal (1), Stanghelle (2), the Vaksdal municipal centre at Dale (3) and Bolstad (4) before you reach Evanger (5), just inside the municipality of Voss.

Turn left across the bridge at Evanger and take Rv313 round the fjord and up into Teigdalen (6).

From the highest point at Vinningsleitet you will encounter the sharp descent from the Nesheim Mountain to Nesheim Farm in Eksingedalen. We recommend a short detour to Gullbrå for some goat milk cheese and an overnight stay.

Eidslandet is the last village in Eksingedalen and the route now follows the Eidsland Fjord. Notice the narrow, old road with hand drilled tunnels. A piece of technological art in itself.

Turn left at the intersection in Dalseiddalen and take the E16 back to Trengereid.



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

Stader og ymse av interesse:

(1) Tettstaden **Vaksdal**, som ligg ved Veafjorden, er bygd opp omkring Vaksdal Mølle, som er den eldste mølla i Noreg.

(2) Tettstaden **Stanghelle**, ligg flott til ved Veafjorden. Her er offentleg badeplass med toalett, samt lett adkomst til natursti.

(3) Kommunesentret **Dale** ligg mellom høge og fascinerande fjell. Tettstaden er bygd opp omkring hjørnesteinsbedriftene Dale A/S og Dale Garn og Trikotasje. Sistnemnde lagar bl.a. dei kjende VM- og OL gensarane, og har eige fabrikkutsal. Dale har eit kraftverksmiljø heilt tilbake frå 1920-åra. Her finn du Energisentret, eit opplevingssenter som gjev deg eit levande innblikk i temminga av fossekraft og utnytting av energi.

(4) Bygda Bolstad er kjent for si vakre julegran. I kjølvatnet av kulturminnestafetten i 1997 er det no planar om å opna eit flåte-museum til minne om tømmerflåtane som vart nytta til å frakte tømmer frå Voss ut Osterfjorden og til Bergen.

(5) Bygda Evanger var kommunesenter i gamle Evanger kommune, no ein del av Voss kommune. Her er pølsefabrikk med tradisjonsrik speke-mat, husflidutsal og kafe. Ved Evanger pølsefabrikk kan ein stansa og framleis få kjøpa god, norsk speke-mat.

(6) **Teigdalen** er spesielt kjend for dei mange eldhusa der det i tidlegare tider vart laga speke-mat i toppklasse. Nokre kilometer før det høgste punktet i Teigdalen er passert ved Vinningsleitet ca. 700 m.o.h., er det naturleg med ein stans ved utsiktsplatået for å sjå utover Teigdalen mot Evanger.

(7) Den lange og tronge **Eksingedalen** strekkjer seg fem mil nedover langs elva Ekso frå Nesheim til Eidslandet. Den byr på imponerende naturopplevingar der den buktar seg trong og kroket med stupbratte, glatt-skura fjellsider frå lauvskogen høgt oppe i dalen til den furukledde dalbotn i vest. Dei mange vakre fossane lyser mot deg i landskapet. Vegen sto ferdig etter siste krig, etter ei byggjetid på 101 år. Saue- og geitedrift pregar jordbruket i denne grønne dalen. I Eksingedalen finns det tilbod om overnatting på fleire gardar og på Flatekval er det pensjonat.

På Flatekval ligg Eksingedalen Kyrkje. Her finn du buste av Nils Lavik, KrF sin grunnleggjar. Gå ikkje glipp av dei flotte husflidprodukta som ein får kjøpt hos Bygdakunsten, som held til i eit koseleg lite stabbur på ned-sida av vegen.

(8) **Hesjedalsvassdraget** er det einaste vassdraget av noko storleik i Vaksdal kommune som ikkje er utbygd. Den mykje omtala fossen skaper strid mellom det lokale vernelaget og Bergenshalvøens Kommunale Kraftverk, som gjerne vil leggje dette siste vassdraget i røyr. Legg merke til Hesjedalsfossen som har eit fritt fall på 70 meter.

(9) **Stamnes** var tidlefare senter for sandfarten i Osterfjorden. Framleis kan ein sjå denne aktiviteten, men i mykje mindre målestokk.

(10) **Straume**. I tidlegare tider måtte ein dra båtane gjennom den sterke straumen der Bolstadfjorden er på sitt smalaste, derav navnet dragebryggje. I Kaldestadstova finn ein delar av Dyviksamlinga, ei privatsamling som omfattar alt frå gamle våpen til bunadsylv og tekstilar. Her er også eit interessant skulemuseum.

(11) Fiske frå **laksegilje** er ein gammal fangstmetode der fiskaren sat i timevis i ei lita hytte på toppen av gilja og venta på storfangsten. I ei nyrestaurert laksegilje som tilhøyrrer Landskapsmuseet kan du sjå korleis laksen blei fanga på denne finurlege måten.

(12) **Skipshellaren** er ein av dei mest kjende steinalderbuplassane i landet. Her levde det folk allereie 6000 år f.Kr. Ved utgraving er det gjort funn av reiskap, restar av våpen, kokekar og prydnadsting. Omlag 10 min. å gå frå parkering ved skilt. Sjå fottur 63D.

Places of interest and attractions:

(1) **Vaksdal** village by the Veafjord has grown up around Vaksdal Mølle, the oldest flourmill in Norway. The oldest building is from 1871 and is listed.

(2) The **Stanghelle** village is beautifully located in a bay off Veafjorden. There is a public beach with toilet facilities and a fine nature trail, easily reached and with ample parking.

(3) The community centre **Dale** is surrounded by magnificent mountains and is located around the textile mills Dale A/S and Dale Garn & Trikotasje. The latter has a factory outlet where you can buy the famous VM- and OL- (World Champ and Olympic) sweaters. Hydroelectric power has been produced here since 1927. The old power station (it looks a bit like an old abbey) now contains an Energy Centre where visitors are told the story of how the waterfalls were tamed and how various energy sources are being utilised today.

(4) **Bolstad** village is known for its exceptionally beautiful Christmas tree. This is also where the timber from Voss came down the river and was assembled into great rafts for the trip out the Osterfjord to Bergen. A museum is being planned with full size rafts and other exhibits.

(5) **Evanger** village was once the centre of a small municipality, now absorbed by Voss. Here you can buy traditional cured and smoked sausages, cured mutton and other meat products. The Evanger Sausage Factory carries on this tradition now.

(6) **Teigdalen** is renowned for its many smokehouses where first class cured and smoked mutton was produced in the old days. As you climb the mountain by Brekkhus there is a lookout point with a magnificent view of Teigdalen towards Evanger. Then drive just a short distance to the highest point of the tour at Vinningsleitet, which is 700 metres above sea level

(7) **Eksingedalen** and the river Ekso twist and turn for 50 km. from Nesheim to Eidslandet. The valley is an impressive nature experience you will not soon forget; The river Ekso with its roaring falls and rapids, the precipitous cliffs along the banks polished by ice and water, the leaf-green forests in the upper valley and the broad sandbanks with firs lower down. The road was finished in the late 1940's after a construction period of 101 years. Goat and sheep farming are the primary activities, but many of the farms now offer farm tourism and B&B. There is a hostel at Flatekval. The church in Eksingedalen is at Flatekvål. There is a bust here of Nils Lavik, the founder of the Christian Democratic Party in Norway. Do not miss Bygdakunsten, the local arts and crafts shop housed in a little Stabbur (traditional timber building for food storage) just below the road.

(8) **Hesjedalsvassdraget** is the only watershed of size in the Vaksdal district that is not yet developed for electric power. The beautiful waterfall is a point of contention between those who wish to protect it and Bergen Power Company. The power company, naturally, wants to put the river in a tunnel.

Hesjedalsfossen water fall has a vertical drop of 70 metres. You should park here for a closer look.

(9) **Stamnes** was formerly the center for sand transport on Osterfjord. There are still a number of boats witnessing the continuing activities today, even though on a much smaller scale.

(10) At **Straume** the Cultural/Historical Landscape Museum takes you on a trip back in time. Before motors, the boats had to be hauled up the strong current at Straume where the Bolstad Fjord is very narrow. The name "Dragebryggje" means "Hauling-pier".

Kaldestadstova houses part of the Dyvik Collection, an extensive, private collection of old weapons, textiles, decorative silver and "everything else". There is also a well-equipped country school museum.

(11) Fishing with **Laksegilje** is an old tradition in the area. From a small hut precariously poised above the fjord on long wooden legs the fisherman waited for the salmon (**laks**) to cross a white board (**gilje**) in the water. He then dropped stone weights to close a net behind his rich catch.

Near the museum in Straume there is a restored laksegilje and you get to see how it works.

(12) **Skipshellaren** is one of the best known Stone Age dwellings in Norway. Hunters/gatherers lived here more than 6000 years ago, and archaeologists have found literally thousands of bone fishing hooks, tools, and weapons, cooking vessels and ornaments. Just a 10 minutes walk from the sign by the parking area at the bridge.